


# Varsel om oppstart av reguleringsplan

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 varslar Multiconsult Norge AS på vegne av Bremnes Seashore AS om oppstart av detaljregulering i sjø, Lausanakken i Jondal kommune, planID: 12272018002

Forslagsstiller er Bremnes Seashore AS. Multiconsult Norge AS er plankonsulent.



Detaljreguleringa sitt hovudføre mål å leggje til rette for akvakultur i sjø ved Lausanakken. Forslagsstiller driv i dag oppdrett ved Saltkjelen II, kor dei har løyve etter akvakulturlova. Ein vil flytte lokaliteten ved Saltkjelen II til Lausanakken.

Formålet er ikkje i samsvar med gjeldande arealdel til kommuneplan (2012), men området ligg som framtidig område for akvakultur i forslaget til regional kystsoneplan. Når reguleringsplanen er godkjent vil forslagsstiller søke om å flytte lokalitet frå Saltkjelen II til Lausanakken.

Varslingsområdet utgjer til saman omlag 3578 dekar. Planområdet omfattar sjøareala mellom Byrkjebein og Solesnes i Jondal kommune.

Planen sine tiltak utløyser krav om konsekvensutgreiing i samsvar med plan- og bygningslova § 4-2 og forskrift om konsekvensutgreiingar § 10. Det er ikkje krav om planprogram.

Varseldokument kan lesast på Multiconsult si nettside [www.multiconsult.no/aktuelt/kunngjoringar/](http://www.multiconsult.no/aktuelt/kunngjoringar/) og på Jondal kommune si nettside <https://www.jondal.kommune.no/om-oss/kommunesamfunnet/kunngjoringar/>

Naboar og grunneigarar vert varsla direkte. Kommentrar og merknadar til planarbeidet skal sendast skriftleg til:

Multiconsult Norge AS v/Vigdis Berge, Nesttunbrekka 99, 5221 Nesttun eller e-post: [vigdis.berge@multiconsult.no](mailto:vigdis.berge@multiconsult.no) innan 15. mars 2019.



Multiconsult